



Florian syng tenor saman med Jostein

Røysterett for alle, 25 år i år, har vore samla til seminar i dag og har starta øvinga til jubileumskonserten i oktober. Nye medlemmer er komne til og koret kan etter kvart rekna seg som eit internasjonalt kor med medlemmer frå fleire land.

Florian Johannes Richart og Nora Pröfrock kjem frå Tyskland, har arbeidet sitt på Valen og snakkar godt norsk. Heimstaden til Florian er Achen i Rhinland, Nora kjem frå Mühlheim an der Ruhr. Dei er begge habile korsongarar.

Den musikalske leiaren, Maria Malmsten, er svensk og heimlandet til Lisje Croles er Nederland.

På seminaret i dag har ein mellom øvd inn eit program med ulike viser og klassiske songar arrangert for kor av vossingen Per Indrehus. Nytt er og mellom anna Taube si vise: Så skimrande var aldrig havet Røysterett for alle tek og fram nokre innslag frå musikalen Spelemann på taket og songar framført i Folkemusikkveka 2012.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Nora syng alt saman med Venke